



MOTTATT

23 APR 2015

Statens vegvesen  
Region vest

KVAM HERAD

2015008651-7

711-1238

Statens vegvesen - Region vest

Askedalen 4

6863 LEIKANGER

Vår ref.

15/77-27/N-000//LAESUR

Dykkar ref.

2015/008651

Dato:

22.04.2015

## Høyringsuttale - Fv. 7 - Omklassifisering av gamle fv. 7 utanfor Børvenestunnelen i Kvam herad

Kvam herad gjev følgjande uttale til høyring om omklassifisering av gamle fv. 7 utanfor Børvenestunnelen i Kvam herad til kommunal veg:

Kvam herad er ueinig i at gjeldande vegstykke kan omklassifiserast til kommunal veg.

Slik Kvam herad forstår høyringsbrevet, er den føreslegne nedklassifiseringa grunngjeve med at vegen etter opning av Børvenestunnelen ikkje lengre kan reknast for ein samleveg. Med andre ord verken ein veg som bind saman bustadområder eller utgjer eit bindeledd mellom atkomstvegar og hovudvegar.

Kvam herad vil derfor påpeike at sjølv om trafikkgrunnlaget har gått ned etter opninga av Børvenestunnelen, er den framleis ein heilt nødvendig avlastingsveg for tunnelen, og har vorte mykje nytta som det i løpet av det siste året.

Som det vert påpeika i høyringsbrevet, er vegen ein del av gang og sykkelvegen mellom Øystese og Norheimsund. Omsynet til gåande og syklande er viktig både ut frå miljø og i eit folkehelseperspektiv. Tilrettelegging for mjuke trafikkantar utgjer følgjeleg ein vesentleg del av Kvammapakken. Det tykkjast derfor underleg dersom deler av gang og sykkelvegen mellom dei to største senterområda i Kvam herad no skal nedklassifiserast til kommunal veg. Dette gjeld spesielt all den tid gang og sykkelvegane elles vert klassifiserte som del av fylkesvegnettet.

Til slutt må det påpeikast at vegen er del av den nasjonale turistvegen i Hardanger, og at vegalternativet utanfor tunnelen med utsikt til sjø truleg vil representera eit attraktivt alternativ både for køyrande og syklande turistar.

Kvam herad ser heller ikkje at økonomiske omsyn skulle kunne forsvare ei nedklassifisering av vegen. Dette då vegen er i ein slik stand at det vil krevja omfattande utbetringar for den kan overleverast til kommunen.

Helsing  
*Lars Ese Et'r*  
Teknisk sjef  
Telefon 56553153  
Epost: [laesur@kvam.kommune.no](mailto:laesur@kvam.kommune.no)